

Innkalling til møte i Styringsgruppen for lektorutdanningen Møte 4 2024

Tidspunkt: 3. desember 2024, kl. 11.00 -13.00

Møtested: Lektorsenteret

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra møtet 1. oktober 2024

Protokollen er sendt ut.

Vedtakssaker

Sak 25/24 Møteplan vår 2025
Notat fra lektorsenteret

Sak 26/24 Budsjett 2025
Notat fra lektorsenteret

Sak 27/24 Samfunnsfag som fag 2 i lektorutdanningen
Notat fra lektorsenteret

Drøftingssaker

Sak 28/24 Digital kompetanse og KI i lektorutdanningen
Notat fra lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 29/24 Jubileumskonferansen 14. november
Notat fra lektorsenteret

Sak 30/24 Lærernes dag 2025
Muntlig orientering

Sak 31/24 Brev om midler fra Kunnskapsdepartementet til etter- og videreutdanning for skolen
Notat og muntlig orientering

Sak 32/24 Arbeid med rammeplan og nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane
Muntlig orientering

Sak 33/24 Finansiering av praksis i profesjonsutdanningene
Muntlig orientering

Sak 34/24 Eventuelt

Sak 25/24 Møteplan vår 2025

Notat fra Lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
Møte: 3.desember 2024

ephorte: 24/28

Forslag til møteplan for vår 2025:

- 6. mars, kl. 09.30 – 11.30
- 20. mai, kl. 11.30 – 13.30

Forslag til vedtak:

Styringsgruppen vedtar forslaget til møteplan for våren 2025.

Sak 26/24 Budsjett 2025

Notat fra lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 3. desember 2024

ephorte: 24/28

Dokumenter i saken:

- [Programstyresak 32/24 Innspel til budsjett 2025](#)
- Vedlegg: Budsjettinnspill 2025 lektorsenter og praksisbudsjett – innspill til avd.dir. 16.08.24

Bakgrunn

Lektorsenteret skal etter mandatet «følge ressursbruken i lektorutdanningen og rapportere til styringsgruppen». Styringsgruppen vedtar budsjett for aktiviteter organisert av lektorsenteret, mens programstyret gir innspill til budsjettet i forkant av at det legges frem for styringsgruppen.

Felles programstyre ga innspill til budsjett 2025 i [møte 29.05.24](#). I tråd med tidsplanen som var satt opp sendte lektorsenteret sitt budsjettinnspill til avdelingsdirektør for studieavdelingen i august og innspillet ble tatt med i det videre budsjettarbeidet ved UiB. Universitetsstyret behandlet forslag til budsjett for 2025 i møte 24.10.24.

Budsjetttildelinger til lektorsenteret og lektorutdanningen 2025

Universitetsstyret behandlet [Budsjett for Universitetet i Bergen for 2025](#) i møte 24.10.24. (S74/24). Lektorsenteret tildeles midler over to poster: *Lektorsenter og Praksis PPU og lektorutdanningen*.

I universitetsstyrets budsjettsak vises lektorutdanningens [tildelinger i tabell 15 på s. 35](#), under postene Lektorsenter og Praksis PPU og lektorutdanning.

Lektorsenter (103415100) og Praksisbudsjett for PPU og lektorutdanning (103663100)

Tabell 1: Tildelinger som forvaltes av lektorsenteret

Tildeling	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Endring	Endring %
Lektorsenter	9 689 000	10 057 000	368 000	3,8 %
Praksis PPU og lektorutdanningen	8 657 000	8 860 000	203 000	2,3 %

Generelt kan vi si at lektorsenteret i hovedsak får videreført tildelingen fra 2024, med en økning på 3,8 % på delprosjekt lektorsenteret og 2,3 % på delprosjekt praksisbudsjett PPU og lektorutdanning.

Praksisbudsjettet skal dekke kostnader til praksisplasser og gjennomføring av praksis. Tildelingen i 2025 øker med kr 203 000 sammenlignet med 2024.

Lektorutdanningen for øvrig, tildelinger til fakultetene

Det har også blitt tildelt midler til fakultetene for å styrke lektorutdanningene.

Tilskuddsordningen for desentralisert kompetanseutvikling i skole og barnehage (herunder decomp)

Lektorsenteret forvalter også tilskuddsordningen for desentralisert kompetanseutvikling i skolen, som omfatter Dekomp og Kompetanseløftet, der UiB tildeles eksterne midler for partnerskap med skoleiere i kompetanseutviklingsprosjekter i skole og barnehage. Finansieringen av decomp er å

regne som boa-midler og tildeles ikke gjennom budsjettvedtaket i universitetsstyret. Dette er derfor ikke tatt med her.

Planer for aktiviteter og tiltak i 2025

Lektorsenter, 103415100

Tabell 2: Budsjett 2024 og budsjettforslag 2025 for lektorsenter, 103415100

	2024	2025
Tildeling lektorsenteret 103415100	9 689 000	10 057 000
LØNN	6 006 779	6 340 827
DRIFT og HUSLEIE	920 000	1 138 000
Driftsmidler	120 000	150 000
Organisasjons- og kompetanseutvikling		150 000
Husleige	800 000	858 000
FELLESAKTIVITETER I LEKTORUTDANNINGEN	3 356 584	3 167 000
Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL)	52 000	52 000
Avslutningsseremoni	110 000	110 000
Lektorutdanningskonferansen	250 000	390 000
Implementering av ny modell i lektorutdanningen	70 000	125 000
Konferanse og seminardeltagelse for styringsorganene	60 000	100 000
Rekruttering 5LU og PPU	200 000	200 000
Arrangement og møteplasser	230 000	230 000
Nasjonal lektorutdanningskonferanse 2025		50 000
Praksisutvalget	50 000	50 000
Lærernes dag	1 000 000	750 000
Partnerskap i lærerutdanningen	1 334 584	1 110 000
INTERNE TRANSAKSJONER		INTERNE TRANSAKSJONER
Sum interne transaksjonar	-344 000	-608 000
Refusjon Lektorutdanningskonferansen	-234 000	-273 000
Refusjon avslutningsseremoni	-110 000	-110 000
Dekning for indirekte kostnader decomp		-225 000

Lønnskostnader

Lønnskostnadene for fem administrative stillinger og to faglige stillinger er lagt inn i budsjettet. De to faglige stillingene er ansatt ved hhv. HF og PS, men lektorsenteret dekker lønnskostnader for disse gjennom interne overføringer til de respektive fakultetene. Lønnsmidler for koordinatorstillingen for tilskuddsordningen dekkes av boa-midler gjennom interne overføringer fra decomp-tildelingene.

Drift og husleie

Det settes av midler til et organisasjonsutviklingsprosjekt for lektorsenteret. Lektorsenteret er inne i sitt tredje år som egen enhet ved UiB, og er nå godt etablert. Senteret har oppnådd viktige og gode resultater for UiB, både i den interne koordineringen av utdanningen og utad gjennom økt kvalitet i

samarbeidet med skoleeiere og skoler. Organiseringen krever imidlertid fortsatt fokus og videreutvikling, og det settes av kr 150 000 til et organisasjonsutviklingsprosjekt i 2025.

Interne transaksjoner

Lektorsenteret mottar indirekte kostnader en inntekt lektorsenteret, pga. den eksternt finansierte stillingen knyttet til decomp. Inntekten er for 2025 beregnet å bli kr 225 000.

Fellesaktiviteter i lektorutdanningen

Fellesaktiviteter dekket av fakultetene

Avslutningsseremonien for ferdige kandidater og lektorutdanningskonferansen dekkes i spleiselag mellom fakultetene. Lektorsenteret bidrar også til kostnadene for *lektorutdanningskonferansen*. Fakultetene må sette av egne midler til disse to arrangementene i sine budsjett. Lektorsenteret internfakturerer fakultetene i etterkant av arrangementene.

Arrangement og møteplasser

Å skape møteplasser i lektorutdanningen er en prioritert oppgave for lektorsenteret og vi vil videreføre tiltak knyttet til dette også i 2025. Vi vil videreføre arbeid med bl.a. forskningsdagen, lektorlunsjer og ulike andre seminar og samlinger, som koordinatorsamling for praksiskoordinatorer ved samarbeidsskoler.

Implementering av ny modell i lektorutdanningen

Ny modell av lektorutdanningen ble innført høsten 2024, med en implementeringsperiode som strekker seg frem til vår 2029. Det vil være behov for fortsatt koordinering og støtte i implementeringsfasen. Midler til oppfølging av implementeringen av ny modell blir foreslått videreført i 2025.

Nasjonale lektorutdanningskonferanse

UiB har i 2025 ansvaret for den nasjonale lektorutdanningskonferansen. Denne ble sist arrangert i november 2023 av UiO. Konferansen er en to-dagers samling på tvers av lektorutdanningsinstitusjonene som tilbyr utdanning for trinn 8-13.

De fleste utgiftene dekkes av deltakerne selv, men UiB bør påregne en delkostnad for utgiftene til lokaler og bidragsyttere. UiB læringsarena (storsalen), universitetsaulaen og Jusbygget er aktuelle lokaliteter for konferansen og bruken av egne UiBs egne lokaler vil bidra til å holde kostnadene nede. Det foreslås å sette av kr 50 000 i budsjettet til dette formålet.

Rekruttering

I lys av rekrutteringsutfordringer på enkelte av lektorprogrammene og i lærerutdanningen generelt, er det ønskelig å opprettholde en høy aktivitet i rekrutteringsarbeidet. Det settes av kr 200 000 også i 2025. Lektorsenteret har reansatt studentambassadør i 12 % fra juni 2024. I rekrutteringsperioden frem mot 15. april kan det være aktuelt å øke stillingsprosenten noe. Studentambassadøren inngår i Kommunikasjonsavdelingens team av studentambassadører og får opplæring og kommunikasjonsfaglig oppfølging av KA.

Annonsering i sosiale medier, utvikling av rekrutteringskampanjer (video, plakatkampanjer SoMe, reisemidler ved evt skolebesøk), er andre tiltak som disse midlene skal dekke. Rekrutteringsarbeidet i lektorutdanningen gjennomføres i dialog og samarbeid med fakultetene og deler av midlene vil kunne disponeres til tiltak som gjennomføres i samarbeid mellom lektorsenteret og fakultetene.

Lærernes dag

Lærernes dag videreføres som et fysisk arrangement, etter samme format som i 2024. Det er behov for å utvide kapasiteten på dagen, og vi forventer en økning i kostnadene til arrangement i forhold til fjoråret. Dagen avvikles med støtte fra eksternt eventbyrå og budsjettildelingen brukes til å dekke utgiften til arrangementsstøtte og teknisk produksjon. Det settes av kr 750 000 til Lærernes dag i 2025.

Partnerskap i lærerutdanning

Lektorsenteret forvalter også den nasjonale, øremerkete tildelingen *Partnerskap i lærerutdanningen*, som ble tildelt over nasjonalbudsjettet frem til 2023. Her gjenstår p.t. en rest på ca 284 000. Fra 2024 tildeles disse midlene direkte i budsjettammen til UiB, i tillegg til at summen økte fra 600 000 årlig til ca. kr 1,1 mill. Ved omleggingen i 2024 ble midlene omtalt som følger:

76,8 mill. kroner til lærerutdanning er fordelt med utgangspunkt i den tidlegare tildelinga over kap. 275 til partnerskapsamarbeid for å styrke praksis i lærerutdanningane. Løyvinga skal bidra til å føre vidare partnerskapa og anna arbeid med kvalitetsutvikling i lærerutdanning.

Midlene til partnerskap i lærerutdanning skal brukes til å styrke samarbeidet om praksisordningen i lektorutdanningen og PPU på ulike måter. Et sterkt partnerskap mellom UiB og praksisskolene er et viktig redskap for kvalitetsutviklingen i praksisordningen. Midlene vil kunne dekke en videreføring av delte stillinger/partnerskapsstillinger knyttet til utvikling av praksisordningen, kostnader ved tiltak for universitetsskolesamarbeid, og til såkornsmidler/insentivmidler for fagmiljø i lektorutdanningen til samarbeidsprosjekt med praksisskoler knyttet til praksissamarbeid, FOU, m.m.

Med utgangspunkt i ønske fra programstyret lyste lektorsenteret i 2024 ut såkornmidler/insentivmidler for å styrke implementeringen av ny modell av lektorutdanningen og for å styrke samarbeidet med praksisfeltet. Dette kan være aktuelt også for 2025.

Det er behov for utvikling av universitetsskolesamarbeidet i lektorutdanningen ved UiB og det bør legges en videre plan for realisering av forslagene som har vært drøftet i styringsorganene for lektorutdanningen i 2024. Her kan det være behov for prosjektmidler, partnerskapsstillinger og koordineringsfunksjoner i samarbeidet med universitetsskolene, som partnerskapsmidlene kan dekke.

Praksisbudsjettet for PPU og lektorutdanning, 103663100

Tabell 3: Budsjett 2024 og budsjettforslag 2025 for praksisbudsjett PPU og lektorutdanning

	2024	2025
Tildeling praksis i lektorutdanning og PPU	8 657 000	8 860 000
Praksisbetaling til skoler (sum PPU og 5LU)	8 257 000	8 440 000
Refusjon av reiseutgifter studenter	250 000	250 000
Temaseminar/profesjonsdager	150 000	80 000
Kampuspraksisdager	0	90 000

I det nye studieløpet som implementeres høsten 2024, er det mer studentaktivitet og veiledning av studentene i særlig andre praksisperiode. Dette innebærer økte kostnader for praksis, gitt at antallet studenter som skal ha praksis er konstant. Våren 2025 skal 2021-kullet ha sin siste langpraksis, mens

2022-kullet har sin første i sin første langpraksis høsten 2025. Begge disse kullene hadde nesten 200 studenter ved opptak og er store kull med studenttall noe over det som har vært vanlig tidligere år. I tillegg tilbringer studentene noen flere dager i langpraksis i skolen, og noen færre dager til for- og etterarbeid til praksis. Studenter i andre kortpraksis har en mer aktiv praksisperiode enn i gammel modell, noe som øker kostnaden til kompensasjon for skolens veiledning og oppfølging av studentene. I 2025 er det beregnet at endringene i praksisordningen vil innebære en økning i samlet årlig utgift til skolekompensasjoner på ca. 500 000 for den femårige integrerte lektorutdanningen. (jf. [styringsgruppens sak 14/24 Redesign](#) fra 25.04.24)

Lektorsenteret har i 2024 gjennomført en pilot med et digitalt støttesystem for praksis, med særlig fokus på den faglige veiledningen av studenter i praksis. Foreløpig ser vi at vi ikke har godt nok grunnlagsmateriale til å konkludere på en måte som har budsjettmessige konsekvenser, men det er fremdeles et behov for forbedringer og forenklinger av praksisoppfølgingen gjennom digitale løsninger, som vi må arbeide videre med å avdekke. Det settes ikke av midler til videre arbeid med digitalt støttesystem i 2025.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppen vedtar forslag til budsjett for 2025.

Sak 27/24 Samfunnsfag som fag 2 i lektorutdanningen

Notat fra lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 3.desember 2024

ephorte: 24/28

Dokument i saka

- Innmelding av sak frå SV om GOV som fag 2 til felles programstyre, 22.08.24 (vedlegg 1)
- HF si tilbakemelding til SV om GOV som fag 2 i lektorprogramma til HF, 12.03.24 (vedlegg 2)
- [Sak 39/24 Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanning](#), i felles programstyre 11.09.24.
- [Sak 51/23 Kapasitetstak på sosiologi som fag 2](#), i felles programstyre 29.10.24.
- [Sak 52/23 Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie](#), i felles programstyre 29.10.24.
- [Sak 53/23 Politikk og forvaltning som fag 2](#), i felles programstyre 29.10.24.

Bakgrunn

I brev datert 22.08.24 (vedlegg 1) meldte Det samfunnsvitskaplege fakultet (SV) inn som sak til felles programstyre at ein ønskte å få inn politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanninga. Programstyret tok saka først opp som drøftingssak i møtet 11.09.24, og deretter som vedtakssak i møtet 29.10.24, og der gjekk programstyret inn for å tilrå politikk og forvaltning som fag 2.

Saka om politikk og forvaltning som fag 2 er i løpet av prosessen blitt sett i samanheng med andre relaterte spørsmål som handlar om samfunnsfaga sin plass og rolle i lektorprogramma. For det første er den blitt kopla til spørsmålet om å innføre kapasitetstak for sosiologi som fag 2. For det andre er den blitt kopla til tiltak for å handtere kapasitetsutfordringar i praksis, særleg langpraksis i ungdomskulen. For det tredje har saka aktualisert fleire overordna spørsmål om fagdimensjonering og fagportefølje for lektorutdanninga som heilskap.

Ut frå saksgangen er det derfor rimeleg at spørsmålet om politikk og forvaltning som fag 2 blir sett i samanheng med dei spørsmåla som er nemnde ovanfor. Det betyr at også spørsmålet om kapasitetstak for sosiologi som fag 2 blir behandla som del av denne saka.

Politikk og forvaltning som fag 2

SV ønskjer å få inn politikk og forvaltning som fag 2 for å gi bidrag til eit breiare fagmiljø i lektorutdanninga i samfunnsfag, og for å støtte opp under læreplanen si vektlegging av demokrati og medborgarskap, særleg gjennom fagtilbodet i vidaregåande skule. I tillegg ser fakultetet at politikk og forvaltning som fag 2 kan vere ein måte å avlaste sosiologi, som har kapasitetsutfordringar. Politikk og forvaltning har eit sterkt disiplindefleg og fagdidaktisk miljø som vil kunne bidra til å styrkje den samfunnsfaglege kompetansen i lektorutdanninga.

Resonnementet bak framlegget er at lektorstudentar som ønskjer undervisningskompetanse i samfunnsfag som fag 2, då kan ta anten sosiologi eller politikk og forvaltning.

Politikk og forvaltning som skulefag

Faget politikk og forvaltning i lektorutdanninga vil kunne gi undervisningskompetanse i følgjande fellesfag i ungdomskulen og i vidaregåande skule:

- 249 t. samfunnskunnskap i ungdomskulen 8.-10.trinn
- 84 t. samfunnskunnskap i VG1

I tillegg vil politikk og forvaltning gi undervisningskompetanse for følgjande programfag i VGS:

- Programfaget politikk og menneskerettar i VG 2 og VG3, 140 timar per år (280 t. for to år)
- Andre samfunnsfag som er programfag i vgs.

Det overordna biletet er at for ungdomstrinnet vil politikk og forvaltning gi undervisningskompetanse i det same faget som sosiologi og historie, medan det i vidaregåande skule er eit større spenn i fag som ein får undervisningskompetanse i. (For implikasjonar av det, sjå nedanfor.)

Implikasjonar for praksisgjennomføring

Eit vanskeleg spørsmål som har vore diskutert i arbeidet med denne saka, er kva for implikasjonar innføring av politikk og forvaltning vil kunne ha for praksisgjennomføringa. I møte i felles programstyre, 11.09.24, [sak 39/24 Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanning](#), synleggjorde lektorsenteret moglege konsekvensar.

For å få ei oversikt, kan vi ta utgangspunkt i tabellen under som viser oversikt over type praksis, samfunnsfaglege fellesfag og programfag i dei ulike praksisperiodane og skuleslaga (med unntak av KP-dagar):

Praksisperiode	Lengde	Praksistype	Fellesfag	Programfag
Kortpraksis ungdomsskolen (Første semester)	10 dg	Gruppepraksis; tre til fem studenter følger én lærer	Samfunnsfag	
Kortpraksis vidaregåande skole (Tredje semester)	10 dg	Gruppepraksis; tre til fem studenter følger én lærer	Samfunnskunnskap	<ul style="list-style-type: none"> • POM • Sosiologi og sosialantropologi • Sosialkunnskap • Samfunnsgeografi
Langpraksis ungdomsskolen (Femte semester)	35 dg	Individuell/par-praksis	Samfunnsfag	
Langpraksis vidaregåande skole (Åttende semester)	35 dg	Individuell/par-praksis	Samfunnskunnskap	<ul style="list-style-type: none"> • POM • Sosiologi og sosialantropologi • Sosialkunnskap • Samfunnsgeografi

Saksdokumentet for [sak 39/24 Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanning](#), viser følgjande [sannsynlege konsekvensar for dei fire praksisperiodane](#):

- Første kortpraksis - ungdomskule (første semester): Ei eventuell innføring av politikk og forvaltning som fag 2 vil ikkje få konsekvensar for praksisgjennomføring.
- Andre kortpraksis - vidaregåande skule (tredje semester): Ei eventuell innføring av politikk og forvaltning vil vere handterbart for praksisgjennomføringa.
- Første langpraksis - ungdomskule (femte semester): Omfanget av studentar som skal ha samfunnsfag i praksis, er i dag så stort at det er svært krevjande å finne praksisplassar. Det er vidare utfordrande å følgje opp kvaliteten i praksis, bl.a. fordi desse studentane vil måtte

forhalde seg til fleire klassar/evevar og i mindre grad får individuell praksis. Innføring av GOV vil kunne bidra til å gjere denne situasjonen endå meir krevjande, dvs. kritisk.

- Andre langpraksis – vidaregåande skule (åttande semester): Det er ikkje grunn til å tru at ei eventuell innføring av GOV vil gjere det vesentleg vanskelegare å skaffe praksisplassar, men volum på samfunnsfagsstudentar er generelt ei utfordring.

For å utdjupe desse vurderingane av konsekvensar, skal vi gå nærmare inn på implikasjonar for langpraksis i ungdomsskulen og i vidaregåande skulen.

Samfunnsfaglege fag i ungdomsskulen

I ungdomsskulen har lektorstudentar med historie, sosiologi eller potensielt politikk og forvaltning langpraksis i eitt og same fag, *samfunnsfag*. Det gjer at vi må sjå universitetsfaga historie og samfunnsfag i samanheng med tanke på praksisplassar. Her er det ein trengsel i dag, ettersom såpass mange lektorstudentar vel samfunnsfag eller historie som fag i lektorutdanninga, og det ikkje er så mange timar i faget. Sidan det er rekrutteringsutfordringar i andre fag, har dessutan UiB har valt å overoppfylle studieplassar i historie (155%) og i sosiologi. Det har ført til endå fleire studentar i særleg historie enn det som studieplassane skulle tilseie.

Utviklinga kjem til synes i tabellen under som viser tal på aktive studentar på kull 21-24, som har sosiologi og/eller historie som fag 1 og fag 2, per 2. september 2024.

Kull	Tal på studentar (minus realfag)	His/sos fag 1	%	His/sos fag 1 og 2	%
Kull 24	130	68	52 %	*	
Kull 23	120	56	46 %	*	
Kull 22	115	43	37 %	95	82 %
Kull 21	102	45	44 %	85	83 %

* Studentane på kull 23 og kull 24 har ikkje valt fag 2 enno og me veit ikkje kor mange som vil velje historie eller sosiologi som fag 2.

Det som er slående med tala i tabellen, er at heile 82–83% av alle lektorstudentar som ikkje er NT-studentar, har anten historie eller samfunnsfag i sin fagkrins. Dette er svært høge tal. Dette betyr at alle desse studentane skal ha praksis i det same faget i ungdomsskulen, samfunnsfag. Dei som så kombinerer fag som historie og samfunnsfag, skal jamvel ha all praksis i dette eine faget.

Tala i tabellen er henta frå praksislistene, og er ikkje 100 % nøyaktige. Tala gir likevel ein peikepinn på studenttal og på behovet for praksisplassar.

Samanlikna med andre fag i ungdomsskulen er samfunnsfag eit middels omfangsrikt fag (jf. timefordelinga for t.d. norsk 398, matematikk 313, naturfag 249, engelsk 222, framandspråk 222, KRLE 153). Fordeling av timetal per veke varierer frå skule til skule og frå trinn til trinn. Det er vanlig med 2 timar samfunnsfag i veka.

Som nemnt ovanfor, melder praksisadministrasjonen om at det i dag er utfordrande å finne praksisplassar i samfunnsfag i ungdomsskulen, og at studentar som har desse faga i større grad må forhalda seg til mange klassar og i mindre grad får individuell praksis.

Samfunnsfaglege fag i vidaregåande skule

På vidaregåande skule er samfunnsfag og historie ulike skulefag.

Det er på Vg1 (studiespesialiserande) at samfunnskunnskap er fellesfag med 3 timer i veka.

På vg2 og vg3 blir samfunnsfag tilbydd som programfag med fem timar i veka, og elevane kan velje mellom sosiologi og sosialantropologi, sosialkunnskap og politikk og menneskerettar (POM). Enkelte skular tilbyr også samfunnsgeografi som programfag. Det er ein viss variasjon i kva for programfag som blir tilbydde kvart år. For tida er demokrati og menneskerettar eit populært fag som GOV vil vere relevant for.

Det er generelt mindre vanskeleg å finne praksisplassar for samfunnsfag i vidaregåande skule enn i ungdomsskulen. Samtidig er det meldt om utfordringar med praksisplassar også i programfaga, fordi tilbodet av programfag vekslar frå år til år i takt med popularitetstrendar blant elevane. Generelt er det derfor vanskelegare å planleggje praksisplassar for programfag enn andre fag. Eit anna moment er at det i samfunnsfag i vgs. er vanskelegare å skaffe praksisrettleiarar enn kva tilfellet er for andre fag. Volum på studentar spelar truleg rolle her når praksisrettleiarar vegrar seg. Sjølv om praksissituasjonen på den måten ikkje er uproblematisk, er den handterbar.

Ein må ta atterhald om at det i framtida kan skje endringar i fagporteføljen i vidaregåande skule som oppfølging av "fullføringsreforma". Her er det likevel mange usikre faktorar.

Overgang frå gamal til ny modell – konsekvensar for langpraksis hausten 2026

Ei særleg utfordring knytt til praksis er hausten 2026. Dette semesteret er det to kull som skal ut i første langpraksis på same tid, dvs. at ny og gammal modell «kryssar» kvarandre ved at lektorstudentar i sjuande semester (gammal modell) skal ut i første langpraksis samtidig med studentar i femte semester frå det første kullet i ny modell. Dette inneber at svært mange lektorstudentar skal ut i praksis i ungdomsskulen samstundes. Lektorsenteret er klar over problemstillinga, og ei aktuell løysing kan vere at fleire studentar på lektorprogramma vil måtte ha praksis i vidaregåande skule akkurat dette semesteret (dvs. samtidig med PPU-studentar). Det er grunn til å tru at det vil måtte gjelde lektorstudentar med samfunnsfag, og derfor er det relevant å nemne i denne samanhengen. Av faglege grunnar (knytte til progresjon og samheng mellom fag og praksis i studiet) er det ikkje ønskeleg å ha slik sjonglering som generell ordning for å handtere praksisutfordringar. Samtidig er volumet av studentar i samfunnsfag med på å utfordre kvalitetskriteria for praksisgjennomføring.

Moment i vurderingane

På bakgrunn av diskusjonane i programstyret 11.09.24 kom det fram innspel om moment som lektorsenteret fekk i oppgåve å følgje opp i førebuingane til ei vedtakssak om politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga i felles programstyre 29.10.24. Momenta som skulle følgast opp:

- Utvida geografisk område for praksis i lektorutdanninga.
- Utreiing av gruppepraksis i første langpraksis.
- Kapasitetstak på sosiologi som fag 2.
- Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie.

Utvida geografisk område for praksis i lektorutdanninga

Lektorsenteret har vurdert moglegheitene for og konsekvensane av å utvide det geografiske området for praksisutplassering. Dersom UiB utvidar det geografiske området for praksisutplassering av lektorstudentar:

- Kan ikkje UiB sikre kvalitet i både praksisutplasseringa og i praksisoppfølginga slik ein ynskjer. Kvaliteten blir heller svekka.
- Vil dei økonomiske implikasjonane, både i tid og pengar, bli for store.
- Vil det praktiske og administrative arbeidet auke i eit omfang som UiB ikkje er rigga for.

Desse vurderingane vart presenterte i [felles programstyremøte, 29.10.24, sak 54/23 - Geografisk område for praksisutplassering i lektorutdanninga](#), der lektorsenteret ikkje tilrår at UiB utvidar det geografiske området for praksis. Det kom ingen merknader til det resonnementet.

Utgreiing av gruppepraksis i første langpraksis

Eit aktuelt alternativ for å handtere kapasitetsutfordringar, kan vere meir bruk av gruppepraksis. I [felles programstyre, 29.10.24, Sak 50/24 - Utgreiing av gruppepraksis i første langpraksis](#), vedtok felles programstyre at det skal opprettast ei utgreiingsgruppe som skal greie ut og gi råd om bruk av gruppepraksis i lektorutdanninga ved UiB. Arbeidet skal skje i tråd med framlegg til mandat og gruppesamansetjing, og gruppa skal levere arbeidet sitt seinast 3. mars. Spørsmålet har òg vore diskutert i møte med eksterne fagfellar.

Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie.

Det var frå starten restriksjonar imot å kombinere historie og samfunnsfag som fag i lektorutdanninga. Etter vedtak i styringsgruppa vart desse restriksjonane oppheva med verknad frå 2021. I felles programstyre [29.10.24, sak 52/24 Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie](#) var det ikkje stemning for å innføre restriksjonar på fagkombinasjon historie og samfunnsfag. Det betyr at studentar kan ha to studiefag som berre gir praksis i eitt skulefag i ungdomsskulen.

Vurdering

Å få inn politikk og forvalting som fag 2 vil innebere ei styrking av samfunnsfaga sin profil i lektorutdanninga. Generelt har innlemming av samfunnsfag i lektorutdanninga bidrege til at lektorutdanninga har fått ein breiare profil, og dei er viktige for rekrutteringa til lektorutdanninga. Faget politikk og forvalting vil bidra til verdifull innsikt og kompetanse for dei som vel dette faget, og det har eit sterkt og dynamisk fagmiljø bak seg. At fagmiljøet har teke initiativ til politikk og forvalting i lektorutdanninga, er i seg sjølv eit teikn på det.

Som SV-fakultetet framhevar, er det grunn til å tru at politikk og forvalting kan bidra til å avlaste kapasitetspresset på sosiologi, men at det samla sett vil vere eit tilstrekkeleg kapasitetsgrunnlag for dei lektorstudentane som ønskjer å ha samfunnsfag i fagkrinsen.

Der er samtidig ein del utfordringar knytte til innføringa av politikk og forvalting:

- Forholdet mellom fag og studieretning: Innføring av politikk og forvalting utfordrar måten vi hittil har tenkt forholdet mellom studiefag og skulefag i lærarutdanningane, fordi vi alt har eitt studiefag samfunnsfag som svarar til skulefaget samfunnsfag. Sosiologi og politikk og forvalting vil måtte sjåast på som to ulike studieretningar dersom begge to skal eksistere som del av lektorutdanninga. Det vil vere urimeleg (og truleg ikkje lov) å få dei to faga godkjent som sjølvstendige fag i lektorutdanninga, dvs. ein kan ikkje kombinere dei. Dersom ein ser faga som studieretningar i høve til lektorutdanninga, kunne ein hypotetisk sett ha gjort som NTNU: Der kan lektorstudentar i samfunnsfagsprogrammet velje obligatoriske og valfrie

emne i studieretningane sosiologi og statsvitskap fram til masternivå, og deretter fordjupar seg i ei av dei studieretningane på masternivå. Så langt har likevel denne strategien ikkje vore ønskt ved SV-fakultetet ved UiB.

- Samfunnsfagleg dominans: Ei anna utfordring ved å innføre politikk og forvaltning, er at det vil kunne forsterke samfunnsfaga sin dominerande posisjon i lektorprogramma, som igjen potensielt kan påverke negativt rekrutteringa til språkfag som fag 2, fag som det er stort behov for i skulen. Det har i sin tur fleire prinsipielle, praktiske, økonomiske og arbeidslivsmessige implikasjonar.
- Behov i skulen: Eit tredje spørsmål handlar om arbeidslivsrelevans og om behov i samfunn og skule. I følgje rammeplan for lektorutdanning 8-13 skal utdanninga «imøtekomme samfunnets og skolens behov». Vi har ikkje kandidatundersøkingar av kva slags undervisningsstillingar våre ferdigutdanna lektorarar får, men tilbakemeldingane frå skuleeigarar går ut på at behovet for lærarar er størst i matematikk, norsk og språkfag, medan det blir utdanna mange i samfunnsfag og historie ikkje berre ved UiB, men òg nasjonalt. Det er problematisk både for studentane og for UiB når vi utdannar kandidatar med fagkombinasjonar som gjer det vanskeleg å få seg jobb som lektor i skulen.

Vurderingane så langt har vore at fagval er studentane sine eigne val, og at eigeninteresse og motivasjon hos studentane skal vektast høgare enn dei momenta som er nemnde i kulepunkta.

I diskusjonen rundt val av fag 2 har rolla til studieretteleiinga blitt tematisert. Det bør i den samanhengen presiserast at det ved fakulteta gjennom fleire år har vore studieretteleiing basert på oppdatert kunnskap om skulefaga. Det har likevel ikkje endra studentane sine fagval i lektorutdanninga i ei anna lei enn det som er dei generelle trendane. Det er vidare ei erfaring at dei studentane som med fordel kunne hatt nytte av studieretteleiing, i liten grad oppsøker studieretteleiing. Dersom ein skal ha meir forpliktande studieretteleiing, kan ein innføre obligatorisk studieretteleiing for studentar dersom dei ønskjer å velje ein del fagkombinasjonar (som historie og samfunnsfag), slik NTNU har praktisert det. Det kan òg vere aktuelt med videoar og meir integrert studieretteleiing der ein får møte representantar frå skulane.

Tilråding frå programstyret: I møtet 29.10.24 vedtok programstyret å tilrå at politikk og forvaltning blir innført i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet frå og med haust 2025. Tilrådinga bygde på premisser knytte til kapasitetstak til sosiologi og utgreiing av evt. meir gruppepraksis. Faget skal i følgje programstyret ikkje kunne kombinerast med sosiologi som fag 1, og programstyret føreset at politikk og forvaltning har tilsvarande kapasitetstak som sosiologi.

Kapasitetstak på sosiologi som fag 2

I etterkant av programstyremøtet 11.09.24 har SV-fakultetet drøfta kapasitetstak som tiltak for sosiologi, og fagmiljøet har vore i kontakt med lektorsenteret om spørsmålet (jf. e-post frå Katharina Sass 17.09.2024). Ei viktig grunngeving frå SV er at det er avgrensa med kapasitet på sosiologi og behov for å kunne styre studenttilstrøyminga til sosiologi som fag 2. I tillegg ser SV-fakultetet på slike kapasitetsgrenser som ein sjanse til å få inn politikk og forvaltning (GOV) som fag 2. Idéen er at studentar som ønskjer undervisningskompetanse i samfunnsfag, kan ta anten sosiologi eller politikk og forvaltning.

Når det gjeld heimelen for å innføre eit eventuelt kapasitetstak for fag i lektorutdanninga, står det følgjande i UiB si studieforskrift, §6–5 (4):

«Fakultetet kan setje tak på talet på studentar på eit emne dersom faglege, pedagogiske eller organisatoriske grunnar tilseier det. Slike avgrensingar skal gå fram i emneskildringa. Fakultetet vedtar utfyllande reglar om rangering av studentar»

Sidan lektorutdanninga tangerer fleire fakultet, vil spørsmålet om kapasitetstak for fag 2 ha implikasjonar som gjer det føremålstenleg å ta saka opp i programstyret og styringsgruppa.

Dersom det skal vere eit kapasitetstak for sosiologi, må ein òg bestemme korleis ein skal regulere opptaket til studiet (som fag 2).

Dersom det er fleire som vil ha «opptak» til fag 2 enn det er plassar, er det ønskeleg at avgrensingane blir gjorde ut frå førehandsdefinerte reglar for rangering av studentane. Her kan ein velje å rangere etter loddtrekning eller etter karakter, eller etter meir kvalitative kriterium som t.d. motivasjon. Rangering etter loddtrekning gir den enklaste måten å fordele studieplassane for sosiologi på, og er lite ressurskrevjande. Dersom ein skal rangere etter karakter, vil det vere anten opptaksgrunnlaget som studenten hadde frå vidaregåande skule, eller karaktersnittet frå første semester. Karakterane frå andre semester vil ikkje vere klare når vegvalet skal sakshandsamast. Såleis er karaktergrunnlaget ganske avgrensa. Dersom ein ønskte å bruke meir kvalitative rangeringskriterium, t.d. søknader med motivasjonsutgreiing, vil prosessen bli meir ressurskrevjande.

Når det gjeld søknadsprosessen, er premissen at i ny modell for lektorutdanninga skal studentane starte på fag 2 i sitt tredje semester. I forkant av dette må studentane gjere eit vegval i utdanningsplanen. Vegvalet bør skje i rimeleg god tid før undervisningsstart slik at det kan handsamast av UiB, og studentane kan få vite kva fag 2 dei har plass på før undervisninga startar opp i tredje semester. Ein frist 1. eller 15. juni vil gjere at studentane får svar på vegval før sommaren, slik at dei kan planleggje haustens emne og timeplan i god tid.

Vurdering

Studentane sine individuelle val av fagkombinasjonar følgjer over tid generelle trendar og tar ikkje omsyn til kva fag som har kapasitet på sine emne, kva kapasitet som praksisskulane har for praksisplassar på dei ulike fagområda eller kva som er behovet i skulen og gir lettast jobbmoglegheiter. For tida er samfunnsfaga og historie i vinden, medan nordisk, framandspråk og realfaga har færre søkjarar. Fagvala til studentane får så visse implikasjonar som skaper utfordringar. Det har bl.a. oppstått kapasitetsproblem knytte til visse praksisplassar, særleg for samfunnsfag i ungdomsskulen (jf. sak 39/24 i felles programstyre, 11.09.24), fordi så mange vel historie og samfunnsfag. Ein annan implikasjon er det kan bli for mange studentar på visse studiefag i høve til den eksisterande undervisningskapasiteten, slik ein har meldt om for sosiologi gjennom denne saka.

Fagmiljøet ved SV-fakultetet ønskjer å kombinere innføring av kapasitetstaket for sosiologi som fag 2, og det ønsket har vore kombinert med innspel om at politikk og forvaltning kjem inn som fag 2 i lektorutdanninga. Då vil studentar som ikkje får plass på sosiologi, kunne ta politikk og forvaltning og likevel utdanne seg til samfunnsfagslærarar.

Kapasitetstak for sosiologi løyser ikkje kapasitetsutfordringar ved praksis i samfunnsfag i ungdomsskulen, men det løyser eit definert kapasitetsproblem for undervisninga i sosiologi.

Eit nærliggjande spørsmål vil så vere om politikk og forvaltning skal ha tilsvarande kapasitetstak som sosiologi. Programstyret vedtok 29.10.24 at ein ønskte det.

Når det gjeld den praktiske gjennomføringa av eit kapasitetstak for sosiologi, vil ein definert frist for vegval/fag 2 i slutten av andre semester, gi betre planleggingsmoglegheiter for undervisning og ressursar i fagmiljøa, i tillegg til at det er positivt for studentane å få tidleg nok tilbakemelding på om dei har fått plass. Slik det er skissert no, framstår loddtrekning som den mest føremålstenlege framgangsmåten å regulere eit kapasitetstak på, både fordi karaktergrunnlaget vil vere så avgrensa så tidleg i studiet, og for at studentane skal få ei rask tilbakemelding.

Tilråding frå programstyret: I møte 29.10.24 vedtok felles programstyre å stille seg positivt til ei prøveordning med kapasitetstak på 15 studentar på sosiologi som fag 2. For å regulere kapasitetstaket føreslår programstyret bruk av loddtrekning. Det må avklarast om prøveordninga kan innførast for studentar på kull 2024 eller om det må skje frå kullet som startar i 2025. Som nemnt ovanfor ønskte ein tilsvarande ordning for politikk og forvaltning, dersom det startar.

Framlegg til vedtak:

1) Styringsgruppa vedtek ei prøveordning med kapasitetstak på 15 studentar på sosiologi som fag 2 i lektorutdanninga. Kapasitetstaket skal gjennomførast ved bruk av loddtrekning.

Det må avklarast om prøveordninga kan innførast for studentar på kull 2024 eller om det må skje frå kullet som startar i 2025.

2) Styringsgruppa vedtek at politikk og forvaltning blir innført i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet frå og med hausten 2025. Faget skal ikkje kunne kombinerast med sosiologi som fag 1. Styringsgruppa føreset at politikk og forvaltning har tilsvarande kapasitetstak som sosiologi.

3) Styringsgruppa ønskjer orientering om praksisgjennomføring for lektorstudentar med samfunnsfag/historie.

VEDLEGG 1: INNMELDING AV SAK FRÅ SV TIL FELLES PROGRAMSTYRE, 22.08.24

Lektorsenteret

Referanse

2024/10612-LISKR

Dato

22.08.2024

Sak til felles programstyre for lektorutdanningen: Politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanningene

Det samfunnsvitenskapelige fakultet viser til dialog med Det humanistiske fakultet, og ber om at felles programstyre for lektorutdanningen behandler sak om politikk og forvaltning som fag to i lektorutdanningen for studentene som begynner på ny og revidert studieplan høsten 2024.

Bakgrunnen for fakultetets ønske om å tilby politikk og forvaltning som fag nr. 2 samt studiets oppbygging er nærmere beskrevet i vedlegg 1. Vi ber om at dette inkluderes i saken. Vedlagt ligger også emneplaner for emnene som skal inngå i tilbudet. Under følger noen utfyllende opplysninger og refleksjoner knyttet til tilbudet.

Fagets innhold og praksis

Politikk og forvaltning vil gi solid innsikt i norsk politikk, demokrati og medborgerskap. Det vil også gi godt grunnlag for samfunnsvitenskapelig metode og for kritisk tenkning, samt bærekraft, og for forholdet mellom individ og struktur. Dette er helt sentrale tema i skolens læreplaner for samfunnsfag/samfunnskunnskap/politikk og menneskerettigheter. Demokrati og medborgerskap er i den nye læreplanen et av tre tverrgående tema som alle fagene er forpliktet på. Faget vil dekke følgende emner i ungdomskolen og videregående skole:

- Ungdomskolen:
 - 249 timer samfunnskunnskap 8.-10.trinn
- Videregående skole:
 - VG1 – Samfunnskunnskap (84 timer)
 - VG2 og VG3 – Programfag politikk og menneskerettigheter (programfag 280 timer over to år)

Andre samfunnsfag som er programfag i ~~vgs~~^{vgs}¹:

- Samfunnsgeografi
- Sosiolkunnskap
- Sosiologi og sosialantropologi

Så godt som samtlige videregående skoler med studiespesialiserende program i Vestland fylkeskommune tilbyr *Programfag politikk og menneskerettigheter*.

Det samfunnsvitenskapelige fakultet ber om at lektorsenteret utreder hva tilbudet i politikk og forvaltning vil ha å si for praksisutplassering av studentene til saken i felles programstyre.

Hvilke studenter forventer vi vil velge politikk og forvaltning som fag 2?

Ettersom det er snakk om et valg av fag 2 i lektorutdanningene, vil tilbudet ikke ha konsekvenser for antall studieplasser i programmene. Studenter vil kunne velge sosiologi eller politikk og forvaltning som samfunnsfag, og disse to fagene kan ikke kombineres. Sosiologi og politikk og forvaltning vil ha samme fagdidaktikk-emner. Vi ser for oss at mange av studentene som velger politikk og forvaltning som fag to i lektorutdanningen, vil komme fra poolen av studenter som også vurderer sosiologi som fag to. Ettersom det har vært et stort trykk på sosiologi, er det ønskelig at studentene fordeler seg noenlunde likt på de to samfunnsfagene. Vi vurderer det ikke som sannsynlig at det nye tilbudet vil ha stor betydning for rekruttering til språkfagene, nordisk eller religionsvitenskap.

Implementering

Det samfunnsvitenskapelige fakultet ønsker at studenter tatt opp høsten 2024 på ny redesignet studieplan i lektorutdanningene, skal kunne velge Politikk og forvaltning som fag 2. Endringene til studieplanene vil meldes inn etter gjeldende frister.

Vennlig hilsen

Hilde Marie Rognås
seksjonssjef

Lise Kristiansen
seniorrådgiver

VEDLEGG 2: HF SITT SVAR TIL SV, 12.03.24

Universitetet i Bergen

Referanse

2024/83-JUWA

Dato

12.03.2024

Svar fra HF: Politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanningene

Vi viser til henvendelse fra SV-fakultetet angående tilbud om politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanningene ved Det humanistiske fakultet. Det forklares i brevet hvordan undervisningen i disiplinemet i 3. semester vil kunne kombineres med praksis, og vi forutsetter at den også vil tilpasses didaktikkundervisningen i fag 1 i 3. semester. Didaktikkundervisningen i politikk og forvaltning vil være felles med sosiologi som fag 2.

De tre lektorprogrammene ved Det humanistiske fakultet (i hhv fremmedspråk, nordisk og historie/religion) har fått forelagt henvendelsen og tatt den opp i sine miljø eller programstyrer. Alle programmene er positive til politikk og forvaltning som fag 2 slik det beskrives i oversendelsen fra SV.

Det er imidlertid fortsatt ønskelig med full valgfrihet når det gjelder fagkombinasjoner på lektorprogrammene. Flere valgmuligheter kan gjøre det vanskeligere for studentene å velge fag 2, og samarbeid mellom programmene for å få til god studentveiledning basert på oppdatert kunnskap om skolefagene er viktig.

Et nytt fag 2 fører til studieplanendringer i våre lektorprogram. Nærmere tekniske avklaringer rundt dette foreslår vi blir gjort i studieadministrativt samarbeid mellom fakultetene.

Studieadministrativ kontaktperson ved Det humanistiske fakultet er julie.tonsaker@uib.no.

Vennlig hilsen

Svein Ivar Angell
visedekan for utdanning

Inger Marie Hatløy
fungerende studiesjef

Kopi

Sak 28/24 Digital kompetanse og KI i lektorutdanningen

Notat fra lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
Møte: 3. desember 2024

ephorte: 24/28

Bakgrunn

Regjeringen har nylig lansert sin [digitaliseringsstrategi](#), der de setter retningen for det digitale Norge frem mot 2030. Her omtales lærernes profesjonsfaglige digitale kompetanse som en "særlig viktig innsatsfaktor for å styrke den digitale kompetansen i befolkningen. Regjeringen vil støtte skoleeiere i å styrke den profesjonsfaglige digitale kompetansen i opplæringen bl.a. gjennom lærerutdanningene og etter- og videreutdanningsordningene for lærere, ledere og andre ansatte i skolen." (s. 54)

Tidligere i år kom [Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skole](#). Denne viser til at [Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse](#) skal ligge til grunn for utvikling av innholdet i profesjonsfaglig digital kompetanse i lærerutdanningene, i videreutdanningstilbud og i partnerskap mellom skoleeiere og universiteter og høyskoler." (s. 35) og at lærerutdanningene og etter- og videreutdanningstilbud til lærere, ledere og andre ansatte i skolen, støtter skoleeiere i å styrke den profesjonsfaglige digitale kompetansen i opplæringen. (s. 36)

UiB markerer seg gjennom sin satsing [UiB AI](#) og DIGI-empnepakken for studenter, ansatte og næringslivet, med sterk og bred kompetanse på kunstig intelligens. I tillegg har det blitt etablert 11 pilotprosjekter for innlemming av fagspesifikk digital kompetanse og KI i ulike studieprogram.

I 2024 har UiB ved SLATE, i samarbeid med lektorsenteret og UiB videre, deltatt i en kompetansegruppe for KI for lærere i Vestland fylkeskommune. I møte i DIGI-styringsgruppen 15. oktober planla man videre arbeid med utvikling av to emner særlig rettet mot lærere: Fantastiske data for lærere (DIGI6xx), med mål om oppstart våren 2025, og "KI i klasserommet" (DIGI6xx), med mål om oppstart høsten 2025. SLATE koordinerer arbeidet med emneutviklingen, og lektorutdanningen skal kobles tett på arbeidet med kompetanseheving rundt didaktisk bruk av KI i klasserommet.

Planene for disse tiltakene er i tråd med drøftinger i styringsgruppen for lektorutdanningen i møte 21.02.24, [Sak 6/24 Skolerettet KI-samarbeid med VLFK](#).

Styringsgruppen har i den sammenhengen også ønsket en orientering om planer for hvordan en kan implementere arbeidet med KI også i lektorutdanningen som sådan.

Kartlegging av status

Lektorsenteret har på bakgrunn av ønsket fra styringsgruppen tatt initiativ til en kartlegging av hvordan det blir arbeidet med KI-verktøy i dagens lektorutdanning. I den sammenhengen sendte lektorsenteret den 08.10.24 brev (2024/13304) til samarbeidsfakultetene med oppfordring om å hente inn svar fra både profesjonsfaglige miljø og disiplin faglige miljø i lektorutdanningen om hvordan det legges til rette for at lektorstudentene tilegner seg nødvendig kompetanse til en skole der KI-verktøy er i aktiv bruk og i hvilken grad KI-verktøy påvirker vurderingsformene.

Det ble i kartleggingen stilt to relativt åpne og bredt orienterte spørsmål:

1. Korleis blir det gjennom undervisning og andre tiltak lagt til rette for at lektorstudentane tileignar seg den kompetansen dei vil trenge i ein skule der KI-verktøy er i aktiv bruk?
2. På kva måte påverkar KI-verktøy vurderingsmåttane i ulike emne i lektorprogrammet?

Disse to spørsmålene inviterer de relevante fagmiljøene til å rapportere ganske breidt om tiltak og aktiviteter, samtidig som de får anledning til å komme med refleksjoner, særlig når det gjelder vurdering knyttet til KI-verktøy.

Siden spørsmålene er knyttet til lektorutdanningen, er det formålstjenlig å ha en skolerelatert vinkling i spørsmålene (jf. spørsmål 1). Samtidig er det ønskelig at det ikke bare kommer svar fra profesjonsfagene, men også fra disiplinfagene som inngår i lektorutdanningen.

Svar fra fakultetene

Per 18.11.24 har lektorsenteret mottatt svar i fra Det humanistiske fakultet (HF), Fakultet for naturvitenskap og teknologi (NT) og Det psykologiske fakultet (PF).

Det humanistiske fakultet

Som HF selv skriver i sin tilbakemelding er det noen klare og gjentakende momenter som kommer frem i svarene fra alle de tre instituttene som er involverte i lektorutdanningen (AHKR, LLE og IF):

- *Alle institutt har ulike innslag i undervisningen som lærer studentene om KI. Men det er lite systematikk i hva som tas opp, verken på tvers av instituttene eller innad på det enkelte institutt. I den grad KI tematiseres, er det i stor grad avhengig av underviser på hvert emne.*
- *De fleste betraktningene fra instituttene rundt KI handler mest om utfordringer og problemer knyttet til bruken av det. Det er unntaksvis at studentene lærer om bruk av KI utover å problematisere hvorfor det ikke egner seg på et fagområde. Det er generelt mye bevissthet rundt KI-relaterte utfordringer knyttet til vurdering. Løsningene går ofte ut på å endre eksamensform til muntlig eller skriftlig skoleeksamen der mulig, eventuelt at oppgavene utformes for å gjøre bruk av KI vanskelig.*

Fakultet for naturvitenskap og teknologi

I tilbakemeldingen fra NT-fakultetet kommer det frem at KI i liten grad tas opp, eller brukes, i disiplinene per nå. Matematisk institutt har imidlertid tatt i bruk språkmodell som hjelpemiddel i arbeid med oppgaver, bl.a. til å generere Python-kode, i et par av grunnemnene og instituttet har også hatt en arbeidsgruppe for å se på KI og instituttets undervisning. Som ved HF melder også NT at det er generelt mye bevissthet rundt KI-relaterte utfordringer knyttet til vurdering. I enkelte emner kan ikke KI overta for studentenes faglige tenkning, men vil heller kunne fungere som et hjelpemiddel for strukturering av tekst. I andre emner har man lagt enda større vekt på at studentene skal bruke egne praksiserfaringer i tekstene, og bruke empirikvalitet som et av vurderingskriteriene, slik at KI ikke kan brukes som hjelpemiddel. Man har også måttet byttet fra mappeeksamen med skriftlige arbeider, til muntlig eksamen i enkelte emner for å unngåproblematikken ved KI.

Det psykologiske fakultet

I tilbakemeldingene fra Det psykologiske fakultet (PF) kommer det frem at KI i liten grad blir tematisert i undervisningen og at det er lite systematikk i det som blir tematisert. Det er ulikt mellom

emnene i hvilken grad KI påvirker vurderingsformene. Enkelte emner forblir upåvirket mens andre emner vurderer å erstatte mappeeksamen og prosjektarbeid med skriftlig skoleeksamen.

Ellers nevner PF at forskere ved Institutt for pedagogikk samarbeider med forskere ved SLATE om pilotprosjektet PRACTICE: Parent Role AI Chatbot Training for Interactive Communication Exercises. I prosjektet utvikler og tester de KI-drevne chatboter som kan simulere realistiske dialoger med foreldre i ulike scenarier. Chatbotene skal etter planen piloteres med en gruppe studenter på PED130 i løpet av november 2024. Tilbakemeldingene fra fakultetene er lagt ved innkallingen i e-post.

Forbehold

Denne kartleggingen er basert på egenrapportering, og det har ikke kommet svar fra alle fagmiljø. Det må derfor tas forbehold om mulige mangler i datagrunnlaget. Som det kommer fram, foregår det noe utviklingsarbeid i fagmiljøene, og det finnes også utviklingsprosjekt som det ikke er rapport om (som utforskende undervisning med bruk av KI i språkfagene, jf. forskningsgruppen POTENT). I tillegg har UiBs lektorutdanningskonferanse både i 2023 og 2024 hatt KI i skolen og lektorutdanningen som tema, med bidrag fra lektorutdanningen.

Anbefalinger for videre arbeid med profesjonsfaglig digital kompetanse i lektorutdanningen:

A) Mer systematisk arbeid med KI i skolen

Kartleggingen tyder på at det så langt er lite systematisk arbeid med KI-verktøy i fagmiljøene i lektorutdanningen. Arbeidet som blir gjort på området, er i stor grad avhengig av den enkelte underviseren. Hos enkeltundervisere ser vi at KI-verktøy blir tematisert og brukt, men tilnærmingen og bruken i utdanningen som helhet framstår som tilfeldig.

B) Mer fokus på alternative vurderingsmåter

Det rår en usikkerhet i fagmiljøet om hva som bør gjøres med vurderingsmåter i lys av utfordringene fra KI. Det blir pekt på overgang til skoleeksamen eller muntlig eksamen som aktuelle tiltak. Med noen unntak gir imidlertid materialet lite innsikt i hvordan fagmiljøene tenker rundt alternative vurderingsformer på bakgrunn av utfordringene fra KI. Her bør lektorutdanningsmiljøet ha særlige forutsetninger for å utvikle løsninger.

C) Ta i bruk eksisterende tilbud

Det vil være nærliggende å ta i bruk de tilbudene UiB har utviklet på området. Særlig aktuelt vil det være at lektorstudentene får tilgang til de nye DIGI-emnes som utvikles for lærere.

Sak 29/24 Jubileumskonferansen 14. november

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
Møte: 3. desember 2024

ephorte: 24/28

14. november gjekk UiB sin jubileumskonferanse av stabelen. Konferansen med tittelen «*Fag, profesjon og praksis. Strategiske utfordringar for lektorutdanninga*», var eit samarbeid mellom lektorsenteret og Det humanistiske fakultet og blei arrangert i Storsalen i Nygårdsgaten 5.

Det var tre hovudinnlegg. Professor Fredrik Thue, som trakk dei historiske perspektiva rundt lektorutdanning som universitetsutdanning. Professor Sølvi Mausehagen, som gjekk nærmare inn på spørsmålet rundt partnerskap mellom lærarutdanningsinstitusjonar og skuleeigarar. UNIO sin leiar Ragnhild Lied tok føre seg tilhøvet mellom lærarrolla, lærarutdanninga og skulen – om studentane våre har godt nok grunnlag for å studere og om tilhøvet mellom fellesfag og programfag i vgs. Til kvart innlegg kom det førebudde kommentarar frå både interne tilsette ved UiB, men også frå eksterne. Til slutt deltok representantar frå kvart av lektorutdanningsfakulteta i tillegg til prorektor og leiar frå FIL i ein paneldebatt der dei fekk høve til å utdjupe kva rolle og posisjon UiB som forskingsintensivt breiddeuniversitet skal ta i lærarutdanningsfeltet og publikum fekk høve til å stille spørsmål til panelet. Programmet lagt ved i saksomtalen.

Det var om lag 100 påmelde til arrangementet og om lag 90 som møtte. Deltakarane kom frå både UiB, samarbeidsskular, UiT og NTNU. Både innleggarane og kommentatorane hadde interessante innlegg og skapte engasjement hos deltakarane. Tilbakemeldingane vi fekk etter dagskonferansen var også svært positive, både på innhald, form og organisering.

VEDLEGG: PROGRAM FOR JUBILEUMSKONFERANSEN 14.11.24

Fag, profesjon og praksis. Strategiske utfordringar for lektorutdanninga

09.00: Kaffi

09.45: Opning. Velkomst ved prorektor Pinar Heggernes og leiar for lektorsenteret
Endre Brunstad

Moderator: Svein Ivar Angell (professor og visedekan ved HF-fakultetet, UiB)

10.00 – 11.00: “Lektorutdanning som universitetsutdanning”

Fredrik Thue, professor ved Senter for profesjonsutdanning, OsloMet.

Kommentator: Lars Petter Storm Torjussen, Professor ved Institutt for pedagogikk, UiB

11.00 – 11.15 Pause

11.15 – 12.15: “Partnerskap – kva betyr det for lærerutdanningane?”

Sølvi Mausethagen, professor og prodekan ved Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier, OsloMet.

Kommentator: Hillevi Runshaug, områdeleiar, avdeling for opplæring og kompetanse, Vestland fylkeskommune

12.15 – 13.00: LUNSJ

13.00 – 14.00: “Lærarrolla i framtidens skule”

Ragnhild Lied, leiar i Unio.

Kommentatorar: Åsta Haukås, professor ved Institutt for framandspråk, UiB og Kjetil Børhaug, professor ved Institutt for politikk og forvaltning, UiB

14.00 – 14.15 Pause

14.15 – 15.15: Paneldiskusjon om UiBs rolle som lektorutdanningsinstitusjon

Moderator: Endre Brunstad (professor og leiar for lektorsenteret, UiB)

I panelet:

- Pinar Heggernes, prorektor ved Universitetet i Bergen
- Sigrunn Eliassen, visedekan ved Fakultet for teknologi og naturvitskap
- Martin Paulsen, instituttleiar ved Institutt for framandspråk
- Katrin Aske, 4.års student ved lektorprogrammet for realfag
- Kristoffer Vogt, instituttleiar ved Sosiologisk institutt

15.15 – 15.30 Oppsummering og avslutning

**Sak 31/24 Brev om midler fra Kunnskapsdepartementet
til etter- og videreutdanning for skolen**

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
Møte: 3. desember 2024

ephorte: 24/28

I forrige styringsgruppemøte, [sak 22/24 Status arbeid med etter- og videreutdanning for skolen](#), ble styringsgruppen orientert om Kunnskapsdepartementets (KD) arbeid med omlegging av ordningen for kompetanseutvikling for lærere i barnehage og grunnsopplæring.

11. november mottok UiB brev fra KD med orientering om hvordan den nye videreutdanningsordningen blir fasett inn i 2025 og 2026, i tillegg til informasjon om KD sin planlagte tildeling til UiB for høsten 2025.

Det vil bli ytterligere muntlig orientering i møtet.

KD sitt brev er lagt ved innkallingen i e-post.